



Fiskeridirektoratet Region Vest
Postboks 185 Sentrum
5804 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1443 - 17/33766

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

28.11.2017

Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 89/6 Haugsmyra

Saka gjeld søknad om frådeling av ein parsell frå gbnr. 89/6 samt søknad om etablering av orrbu, flytebrygge med landgang og kai. Tiltaket krev dispensasjon frå plankravet gjeve i kommunedelplanen for Lygra, Lindåsosane og Lurefjorden frå arealføremålet bruk og vern av sjø, byggegrense mot sjø gjeve som juridisk line på plankartet, samt frå arealføremålet bruk og vern av sjø.

Tiltaket er søkt om som 2 søknader våre arkivsaker: [17/1442](#) og sak [17/1443](#). I dialog med tiltakshavar er det bedt om at søknad om frådeling vert handsama først. Kommunen valde å sende søknad om dispensasjon for frådeling samt skisserte tiltak på høyring samla.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommunedelplan for Lygra, Lindåsosane og Lurefjorden (KDP) avsett til bygg og anlegg – naus. Parsellen og dei omsøkte tiltak er plassert i strid med byggegrense langs sjø sett på gjeldande plankart. Landgang og flytebrygge er søkt etablert på areal avsett til bruk og vern av sjø. Vi forstår søknad om dispensasjon til å omhandle nemde, tiltakshavar er orientert om behovet for dispensasjon i førebelsvar datert 18.07.17.

Då det er søkt om etablering av flytebrygge med landgang vart søknaden også sendt Bergen og omland Hamnevesen for uttale og vurdering etter hamne- og farvasslova, i brev datert 03.11.17.

Bergen og omland Havnevesen har i si uttale datert 24.11.17 opplyst om at det er registrert fiskeriinteresser (gytefelt torsk) i området for omsøkt tiltak. Bergen og Omland Havnevesen ber om at søknaden vert sendt på høyring til dykk.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Alle saksdokument ligg tilgjengeleg [17/1442](#) og sak [17/1443](#).

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale - gbnr 89/6 Haugsmyra
kartutsnitt KDP gbnr 89_6
Foto
Foto
Tegningar/kart
Tilleggsinformasjon - gbnr 89/6 Haugsmyra
Tegningar
Tilleggsdokumentasjon - gbnr 89/6 Haugsmyra
Fullmakter
Kart
Søknad om dispensasjon
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 89/6 Haugsmyra
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 89/6 Haugsmyra

Kopi til:

Helge Arvid Træland	Stølsvegen 113 E	5262	ARNATVEIT
Helge Arvid Træland	Stølsvegen 113 E	5262	ARNATVEIT

Mottakarar:

Fiskeridirektoratet Region Vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
---------------------------------	-------------------------	------	--------